

Frøystein

TEMA: Byggjeskikken Ⓣ115, Jektefart Ⓣ89
Setegard og klostergods Ⓣ47


Garden FRØYSTEIN ved Ulvikfjorden vert i dagleg tale kalla Fryste. I 1614 vart namnet skrivne Frøstemb – ei tydeleg fordansking – og forma Frøsten vart brukt fram til matrikkelen av 1886 og 1907. Truleg har gardsnamnet opphavleg vore Frystvin; eit vin-namn. Det bar såleis korkje med Frøy eller med stein å gjera.



Det eldste tunet på Fryste eller Frøystein. Bilete frå 1992.

På Frøystein, bruk 1, står framleis dei gamle gardshusa frå 1700- og 1800-talet. Røykstova på garden var truleg eldst. Glasstova på garden var med den tohøgda gavlen mot fjorden, og den minste kårstova, er restaurerte. I dette tunet får vi eit godt nærbilete av den eldre byggjeskikken. Først i 1971 kom det bilveg fram til Frøystein, som har lege uendra gjennom mange generasjonar.

LAURITZ GALTUNG på Torsnes åtte Frøystein i 1647, men i 1695 hadde garden gått over til dottera, som såleis var den første sjølveigaren (Ⓣ381). □



Nils Hertzbergs akvarell av «Sponheimsklosteret», 1829.

SPONHEIM

Då biskop NEUMANN gjesta Ulvik og Sponheim i 1825, stod framleis dei gamle kjellarmurane, med rundboga vindaugo innramma av kleberstein; truleg murane under ei liknande storstove som Lagmannsstova på Aga. Det er det ikkje urimeleg å tenkja seg. På 1200- og 1300-talet sat det ei stormannssett på Sponheim. Håkon Håkonssons saga fortel om OGMUND på Sponheim, som gjorde ei namngjeten Jorsalferd kring 1218. PETER på Sponheim, som er nemnd første gong i 1293, er nok den same Peter som vart riddar i 1301. Sønene til Peter fekk høge stillingar. Riddaren BÅRD PETERSON vart jamvel kanslar hjå Håkon Magnusson.

Gjennom tidene har det spunne seg soger om at dei gamle murane på Sponheim var restar etter eit kloster. Det som også har halde liv i denne segna, er ein gravstein som låg i den gamle Ulvik-kyrkja. Gravsteinen ber biletet av ei tilsøra kvinne liggjande på kne. I den eine handa held ho ei bok; med den andre peikar ho mot himmelen. Innskrifta fortel at her kviler SIGRID REIDARSDOTTER. Nonne var ho gjerne, men neppe abbedisse i eit gammalt spånheimskloster.

FOTOGRAF OG JAKTESKIPPER

Då ANDERS PAULSON WALLEVIK (1874–1965) kring 1900 overtok jakta «Haabet» etter faren, bygde han opp ei mangslungen verksemd; handelsmann, dampskipsekspeditor, postopnar, fartøyeigar, jakteskipper – og fotograf. Det er utan tvil som fotograf han har sett spor etter seg. Anders P. Wallevik dreiv fraktestart, segla på Nord-Noreg og til Austersjøen og kom i kontakt med mange menneske. Det gav han nok eit auga både for særdrag og mennesketypar. Fotografering kom han bort i som ung, då han arbeidde på Brakanes hotel i Ulvik. Han hadde evner for faget og vart snart ein dyktig fotograf. Dei fleste bileta etter han er frå perioden 1905–35, men det var først gjennom studieopphald i Tyskland i 1918–20 at han fekk undervisning. Han tok gullmedalje på ei fotoutstilling i Tyskland i 1920-åra.



Anders P. Wallevik.

Med det enkle, nesten primitive utstyret han måtte hjelpa seg med, er det mest utruleg at han opnådde slik kvalitet på bileta; velkomponerte og sylskarpe. Atelier hadde han ikkje, og han vart ein meister i å nytta den bakgrunnen som baud seg. Til mørkerom nytta han gamlestova på garden. Elektrisiteten kom ikkje til VALLAVIKI før i 1958, og mørkeroms-lampa var difor ei parafinlampe med raudfarga glaskolbe. Men den gong som no: det er personen bak utstyret som avgjer kvaliteten. Ein del av bileta etter Wallevik finn du i denne boka.